



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	Hovudutval for næring og kultur
<b>Møtestad</b>	Campus, Sogndal, møterom Flostova
<b>Møtedato</b>	12.04.2016
<b>Kl.</b>	10:00 – 15.30

**Faste medlemmer til stades:**

Karen Marie Hjelmeseiter, Sp, leiar  
Jakob Andre Sandal, SV, nestleiar  
Aleksander Øren Heen, Sp  
Torbjørn Vereide, Ap  
Jon Olav Kvamme, KrF

**Forfall til møtet:**

Hilmar Høl, Ap  
Erlend Haugen Herstad, Sp  
Anne Lilleaasen, H  
Marita Gunn Aarvik, Frp

**Varamedlemer til stades:**

Arve Mjømen, H  
Rita Navarsete, Frp  
Bjørn S. Sølsnes, Sp

**Til stades med møte- og talerett:**

Fylkesdirektør Jan Heggheim  
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad  
Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

**Sekretariat for møtet:**

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 15.03.16 vart godkjend utan merknader.

**Orienteringar:**

- Oppdatering om næringsaktiviteten på Campus ved Kjetil Kvåle - Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- «Moglegheiter i havrommet» ved Trond Strømgren, Subsea Innovatør - Maritim Forening Sogn og Fjordane
- Filmprosjektet «Hemnen» ved Randi Førund
- Sogn og Fjordane teater ved konst. teatersjef Margunn Grytten Selvik og styreleiar Håkon Fimland
- Informasjon om arbeidet til Norske Lakseelvar ved prosjektleiar Vegard Heggem
- Fosshaugane Campus ved Yngve Hallen - omvisning

**SAK 32/16      Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur  
12.04.2016**

**Følgjande skriv og meldingar låg føre:**

1. Svar - Søknad om tilskot - Prosjekt: Stevnemøte med Norskekysten
2. Program Stryn Symposium onsdag 27. april 2016
3. Notat frå Randi Førund (sendt utvalet på epost)

Muntleg orientering:

Leiar Karen Marie Hjelmesæter orienterte om oppfølging av vedtak i sak 22/16: Val av styremedlemer til Stiftinga Norsk Countrytreff.

Desse er utpeika:

Medlem: Torild Fjørtoft, vara: Solfrid Bjørkum

Vara for Nils R. Sandal: Wilhelm Gjertsen

-----

**SAK 33/16 Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016 - 2020**

**VEDTAK:**

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020 vert vedteken slik han ligg føre.

-----

**SAK 34/16 Landbruk i Verdiskapingsplanen**

**VEDTAK:**

**Hovudutval for næring og kultur rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Landbrukssatsinga i Regional Plan for verdiskaping 2016-25 vert godkjent slik den ligg føre
  2. Fylkesmannen si landbruksavdeling har ansvaret for oppfølging av satsinga på landbruk
- 

**SAK 35/16 Intensjonsavtale - Undervisningskonsesjon**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at fylket får ein undervisningskonsesjon. Undervisningskonsesjonen skal knytast opp mot dei marine utdanningsvegane ved Måløy vidaregåande skule.
2. Fylkeskommunen er nøgde med at vi har kome så langt i prosessen at vi er klare til å søkje Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskonsesjon. Vi godkjenner intensjonsavtalen av 04.04.16 med vedlegg 1 som regulerer utrekninga av fast og variabel leige.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp slutføringa av arbeidet og signere endeleg avtale med leigetakar når vi får undervisningskonsesjonen frå Fiskeridirektoratet.

**Endringsframlegg:**

Hovudutvalet sette framslikt framlegg til eit punkt 4:

Hovudutvalet oppmodar oppdrettaren til å nytte ny teknologi som bidreg til meir miljøvenleg drift gjennom t.d. løysingar som reduserer rømming og lakselus. Administrasjonen får i oppdrag å legge berekraft til grunn i vidare forhandlingar.

**Avrøysting:**

Samrøystes vedtak.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at fylket får ein undervisningskonesjon. Undervisningskonesjonen skal knytast opp mot dei marine utdanningsvegane ved Måløy vidaregåande skule.
2. Fylkeskommunen er nøgde med at vi har kome så langt i prosessen at vi er klare til å søkje Fiskeridirektoratet om å få tildelt ein undervisningskonesjon. Vi godkjenner intensjonsavtalen av 04.04.16 med vedlegg 1 som regulerer utrekninga av fast og variabel leige.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp slutføringa av arbeidet og signere endeleg avtale med leigetakar når vi får undervisningskonesjonen frå Fiskeridirektoratet.
4. Hovudutvalet oppmodar oppdrettaren til å nytte ny teknologi som bidreg til meir miljøvenleg drift gjennom t.d. løysingar som reduserer rømming og lakselus. Administrasjonen får i oppdrag å legge berekraft til grunn i vidare forhandlingar.

-----  
**SAK 36/16 INU-FSF - Handlingsplan 2016 og årsrapport 2015**

**VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner årsrapporten for 2015 frå den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga for kommunane Førde, Sogndal og Flora (INU-FSF).
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner handlingsplanen til INU-FSF for 2016.
3. INU-FSF får 20,8 mill. kr inkl. renter for 2015 på kr. 2 051 086 og overførte restmidlar på kr. 74 790.
4. Innovasjon Norge får 1,25 mill. kr til bedriftsretta tiltak.
5. Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele 1,25 mill. kr til oppfølgingsarbeidet av reiselivsplanen.
6. Det vert sett av 1 mill. kr til administrasjon av søknadane. Dette er 300 000 kr til fylkeskommunen, og 700 000 kr vert forvalta av NHO.
7. Midlane skal forvaltast etter same regelverk som midlar disponible for hovudutval for næring og kultur.
8. Fylkesrådmannen får fullmakt til å utforme tildelingsbrevet til styret for INU-FSF og Innovasjon Norge. Fylkesrådmannen får òg fullmakt til å forvalte midlane sett av til administrasjon av ordninga.

\*\*\*\*\*

Karen Marie Hjelmæsæter gjekk frå som ugild under handsaming av saka.

-----

## **SAK 37/16 Næringshagar 2016 - finansieringssak**

### **VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver slikt tilskot til Gulen og Masfjorden Næringshage for 2016: kr 150.000
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver slikt tilskot til Sognefjorden Næringshage for 2016: kr 400.000
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver slikt tilskot til Næringshagane i Nordfjord for 2016: kr 475.000
4. Støtta vert avgrensa til 25% av kalkyle godkjent av SIVA innanfor næringshageprogrammet. Innovasjonsstøtte for SMB-ar føreset 25% eigenfinansiering frå målbedriftene.  
Midlane vert henta frå tenestekområde 7018 Kunnskap i budsjett 2016, midlar avsett til næringshagar.
5. SIVA må neste år samanstille resultatinformasjon som syner korleis målbedriftene utviklar seg over tid.
6. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer at SIVA deltek i styret for Næringshagane i Nordfjord v/ Stryn Næringshage i 2016 og 2017.

-----

## **SAK 38/16 Finansiering av Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje rom for å gje driftsstøtte til Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Eventuell støtte kan gjevast i form av løyvingar til godkjende einskildprosjekt som då vert finansiert med ledige regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

### Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til endring i punkt 1, første setning:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje rom for... vert endra til Hovudutval for næring og kultur har ikkje rom i sitt budsjett for...

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit punkt 2:

Saka vert å ta med i budsjettdrøftinga for 2017.

### **Avrøysting:**

Samrøystes vedtak.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Hovudutval for næring og kultur har ikkje rom i sitt budsjett for å gje driftsstøtte til Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Eventuell støtte kan gjevast i form av løyvingar til godkjende einskildprosjekt som då vert finansiert med ledige regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
2. Saka vert å ta med i budsjettdrøftinga for 2017.

-----

**SAK 39/16 Omstilling innanfor petroleumssektoren - felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til samarbeidet om felles omstillingsarbeid på Sør- og Vestlandet med Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal. Det er ein føresetnad at arbeidet skal organiserast med ei politisk styringsgruppe og administrativ prosjektgruppe.
2. Fylkesordførar representerer Sogn og Fjordane fylkeskommune i styringsgruppa med fylkesvaraordførar som vararepresentant. Det vert føresett at LO, NHO, NAV, IN og UH-sektoren vert invitert inn i styringsgruppa med kvar sin representant (for regionen under eitt).
3. Fylkesrådmannen vil peike ut administrativ representant frå Sogn og Fjordane til prosjektgruppa.

-----

**SAK 40/16 Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016 - folkehelsetiltak**

**VEDTAK:**

1. Jubileumsførestilling for danseverkstadane i fylket får tilskot på kr 150 000.
2. Klenkarberget sommarcamp (Nordfjordeid) får tilskot på kr 55 000.

-----

**SAK 41/16 Styre i Lutelandet utvikling - val våren 2016**

**VEDTAK:**

Følgjande vert valde som fylkeskommunen sine representantar i Lutelandet Utvikling AS sitt styre for perioden 2016-18:

1. Karen Marie Hjelmesæter
2. Audun Erik Sunde

-----

**SAK 42/16      Sogn og Fjordane Næringsutvikling, val av styre**

**VEDTAK:**

Saka vert utsett.

-----